



Til:
Kunnskapsdepartementet

Dykkar ref: 200603131

Oslo 26. juli 2007

HØYRINGSFRÅSEGN: TILRETTELAGD LITTERATUR FOR FOLK UNDER UTDANNING

Vi syner til høyrings sak frå Kunnskapsdepartementet datert 30.03.07 og med frist 29.06.07:
Rapport om tilgjengeleg og tilrettelagd faglitteratur for studentar med syns- og lesehemningar.

Departementet ber om ei vurdering av tiltaka i rapporten. **Leser søker bok** er ikkje høyringsinstans, men vil likevel sende ei fråsegn om rapporten, som den organisasjonsalliansen som jobbar for at litteratur skal vere tilgjengeleg for alle.

Leser søker bok vil gje uttrykk for at dette er særskilte viktige tiltak. Mange av dei – slik som standard filformat for universell utforming – er også viktige føresetnader for enklare å kunne tilretteleggje litteratur generelt.

Det er på tide at Kunnskapsdepartementet tar på alvor at menneske med lesevanskar har krav på tilgang til litteratur når dei er under utdanning. Det gjeld under universitetsutdanning, men det gjeld også i grunnskule og vidaregåande skule. Leser søker bok vil i denne samanhengen peike på at det manglar tiltak for å sikre alle skuleelevar – særleg i vidaregåande skule – reell tilgang til den litteraturen som er naudsynt for å ha ei likeverdig opplæring.

Vi vil elles understreke at målgruppene for tiltaka i rapporten ikkje berre må inkludere menneske med synshemming, men i like stor grad andre vanskar som gjer vanleg tekst utilgjengeleg (lesevanskar, motoriske vanskar m.fl.) Alle har ein sjølvstendig rett til utdanning, same kva funksjonshemming ein har.

MVH

Leser søker bok

Anne Marit Godal

dagleg leiar

